



Arkivsaknr: 2024/636-7
Sakshandsamar: Jo Bjarte Nordanger
Tømmerbakke
Avdeling: Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Utval

Kommunestyret

Formannskapet

Forvaltning av konsesjonskraft 2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Modalen kommune tek imot tilbodet frå Bergen Synergi om aktiv forvaltning av kommunen sitt sal av konsesjonskraft i 2027.

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjennomføre salet av konsesjonskrafta for 2027.

Kommunestyret skal kvar haust gjere vedtak om korleis neste års konsesjonskraftkvote skal seljast. Rådmannen er ansvarleg for å førebu slik sak.

Politisk behandling

Bakgrunn:

Kommunestyret gjorde 31.10. 2025 i sak 72/2025 slikt vedtak om forvaltning av kommunens konsesjonskraftkvote:

«Modalen kommune vidarefører ikkje avtale om overføring av eiga konsesjonskraft til Modalen kraftlag for vidaresal til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar, landbruk og lokalt næringsliv.

Frå 01.01.2026 nyttar Modalen kommune konsesjonskraft til eigne kommunale bygg, og resten av konsesjonskrafta vert seld til marknadspris/spotpris.

Kommunestyret skal kvar haust gjere vedtak om neste års konsesjonskraftkvote skal seljast til spotpris eller fastpris. Rådmannen er ansvarleg for å førebu slik sak.

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjennomføre endringane i konsesjonskraftordninga. Modalen kommune nyttar konsesjonskraft til nett-tap for distribusjonsnettet i kommunen.»

Konsesjonskraft:

Modalen kommune er vertskommune for delar av BKK si kraftutbygging i Stølsheimen. BKK som konsesjonær må avgje inntil 10 % av produsert kraft frå utbygginga til vertskommunen og/eller fylkeskommunen til årleg fastsett pris.

Samla mengde konsesjonskraft for Modalen kommune er om lag 71 GWh. 1 GWh (ein gigawatttime) er ein million kilowattimer. Modalen kommune har rett til uttak av konsesjonskraft som tilsvarar det alminnelege kraftforbruket i kommunen. Det overskytande konsesjonskraftvolumet tilfell Vestland Fylkeskommune. Det alminnelege forbruket i kommunen har dei seinare åra variert frå rundt 9 til 11,3 GWh. Kommunen sitt forbruk til kommunale bygg i same periode har variert mellom om lag 2,3 og 2,8 GWh.

NVE definerer alminneleg kraftforbruk på denne måten:

«Alminnelig forsyning omfatter husholdninger, jordbruk, anleggsvirksomhet, tjenesteytende næringer, transport, bergverk og industri (ikke kraftintensiv industri og treforedling). Forbruket av elkraft i kraftstasjoner, kraftselskapenes administrasjonsbygninger mv. som er beliggende innen kommunen, bør også kunne inkluderes ved fastsettelsen av konsesjonskraftmengde til alminnelig elforsyning. Kraft som går til kraftverkets drift; pumping, magnetisering, drift av hydrauliske anlegg mv. ikke skal etter NVEs oppfatning ikke medregnes i behovet til alminnelig elforsyning.» (Kjelde LVK.no)

Utteken kraft kan kommunen nytta etter eige skjønn, til dømes ved sal av konsesjonskrafta i marknaden og/eller bruke konsesjonskraft til kommunale bygg eller tildele krafta til eigne innbyggjarar. Ved sal av konsesjonskraft i marknaden kan kommunen velje å selje krafta til fastpris(systempriskontrakt) for eit eller fleire år, til spotpris eller i ein kombinasjon av desse to. Konsesjonskraftrettane må forvalta innanfor gjeldande konkurransereglar.

Kommunanes verdi av konsesjonskraftordninga til alminneleg forbruk er differansen mellom det kommunen må betale for å få ut krafta (sjølvkost) som i dag er 14,7 øre/kwh– og salsprisen med frådrag for nettkostnadane. Nettkostnadane vil normalt ligg på mellom 2 – 3 øre pr kwh.

Vurdering:

Vedtaket kommunestyret gjorde i 2025 om å selje til spotpris gjev kommunen ei estimert salsinntekt på kr 9 millionar i 2026, jamfør økonomirapportering 1. tertial 2026. Hadde kommunen vald å selje kvota til fastpris hadde salsinntekta for 2026 vore om lag kr 4,6 millionar. Dette basert på at LVK i november 2025 anslo at ein i prisområdet vårt kunne oppnå eit fastpristilbod på 63 øre/KWh.

Det er viktig her å peike på at inntekter frå sal av kraft er vanskeleg å estimere sikkert både på kort og lang sikt på grunn av ustabile og lite føreseielege prisar. Dei mest føreseielege inntektene vil kommunen kunne få ved å selje konsesjonskraft til fastpris, medan inntektpotensialet er høgare ved å selje til spotpris. Risikoen ved å selje til spotpris er at det ved årets slutt kan vise seg at ein har oppnådd ein lågare pris, enn ved å selje til avtalt pris på førehand. På noverande tidspunkt er det estimert at ein kan oppnå fastpristilbod for 2027 på mellom 75 og 85 øre/KWh.

Eit alternativ til å selje heile konsesjonskraftmengda til spotpris eller fastpris er å nytte ein profesjonell aktør som driv aktiv forvaltning av konsesjonskrafta gjennom heile året.

Hovudføremålet til ein forvaltar er å gje kundane føreseieleg og høgare pris enn spot over tid:

- Sikringsgraden blir styrt av prisorørslar og kan styrast ned på månadsnivå
- Porteføljeforvaltaren overvaker marknaden og tilpassar sikringsgraden basert på signal frå modellane.
- I ein fallande marknad blir sikringsgraden auka for å ta vare på inntektene til kommunen. I ein stigande marknad blir sikringsgraden redusert, noko som gjev auka eksponering mot høgare prisar og maksimerer inntektene til kommunen

Forvaltaren handlar sikringskontraktar på vegne av kunden. Føremålet med strategien er å liggje med sikring i ein fallande marknad, og utan sikring i ein stigande marknad.

Fordelar med å nytte ein forvaltar:

- Unngår tilfeldig timing, og har ein kontinuerleg plan for handtering av kraftsalet
- Vern mot prisfall – med moglegheit for å vere med marknaden opp

Modalen kommune har motteke tilbod frå Bergen Synergi på forvaltning av konsesjonskrafta i 2027 for eit påslag på kr 0,1 øre/KWh. Årleg kostnad for denne tenesta vil då ligge på totalt kr 10300,- for eit volum på 10,3 GWh. Dersom neste års volum er noko høgare enn for 2026 vil prisen stige tilsvarande. Selskapet syner til tal som viser at deira modell/forvaltning har gitt høgare avkastning enn spotpris i 13 av dei siste 15 åra, og at modellen i snitt desse åra har levert inntekt som ligg 22% over spotpris. Tilbodet inneber at kommunen kan prøve ut slik forvaltning i eit år før ein evt vurderer å binde seg til ein meir langsiktig avtale. I vår region er det allereie fleire kraftkommunar med konsesjonskraft som over tid har hatt avtaler om slik forvaltning med Bergen Synergi, mellom anna Voss, Bremanger, Etne og Kinn.

Konklusjon:

Modalen kommune har så langt i 2026 tent godt på å selje konsesjonskrafta til spotpris versus fastpris, og prognosane for spotkraftpris utover hausten på 100 – 120 øre/KWh tyder på at denne trenden vil fortsetje gjennom resten av året. Som tidlegare nemnt er inntekter frå sal av kraft vanskeleg å estimere sikkert både på kort og lang sikt på grunn av ustabile og lite føreseielege prisar. Markedet indikerer at ein no kan oppnå fastprisavtaler for 2027 på mellom 75 og 85 øre/KWh, og det er vanskeleg å seie noko sikkert om korleis spotprisane

utviklar seg i 2027. Rådmannen vurderer difor at det kan vere fornuftig å prøve ut aktiv forvaltning av konsesjonskrafta i 2027 gjennom tilbodet frå Bergen Synergi, for så å kunne evaluere denne ordninga før ein evt vurderer eit meir langsiktig samarbeid og avtale. Avtalen har ein særskild kostnad for kommunen på 0,1 øre/KWh, som totalt vil utgjere om lag kr 10300,- med dagens konsesjonskraftvolum.